

Breim Bygdeutviklingslag

v/Reiel Felde

6826 Byrkjelo

Byrkjelo 1.oktober 2011

UTTALE OM BREIM KRAFT AS SINE UTBYGGINGSPLANAR FOR BREIMSELVA

Breim Bygdeutviklingslag ser på Breim Kraft AS sine utbyggingsplanar som ei eineståande mulegheit for brei organisering og finansiering av samarbeid om tiltak, forskning og kunnskapsoppbygging når det gjeld vassdrag, fisk, natur, kultur, helse, nærings- og friluftsliv, og forslår følgjande:

- **Alle inntekt frå kraftutbygginga av Breimselva dei neste 30 åra skal på ein eller annan måte «pløggast tilbake» til økosystemet i og rundt Breimsvassdraget og forskingsmessig oppfølgjast og dokumenterast som nasjonalt pilotprosjekt**
- **I tillegg til det som ligg i utbyggingsplanane frå utbyggerane si side når det gjeld minstevassføring og avbøtande tiltak, inneber det med dagens skattereglar **350-400 millionar frå det offentlege** (skatt til kommune og stat er oppgitt til 2-3 millionar pr år til kommune og fylke og 10 millionar til staten, dvs 12-13 millionar pr år)**
- **Istadenfor** som enkelte har hevda i høyringprosessen **å seie nei** til utbygging og nei til millionar i årlege inntekter og fleire hundre millionar i løpet av 30 år - av omsyn til natur og miljø - ***vil vi utvikle og prøve ut over tid ein modell med utbygging der all inntekt - av omsyn til natur og miljø - blir kanalisert tilbake til miljøet inntil miljøet/det lokale økosystemet gjev det som i naturlovssamanheng blir kalla "overskott til berekraftig hausting"***
- **I og med at desse skatteinntektene til det offentlege på noverande stadium berre er «hypotetiske», og ikkje bundne til alskens andre gode tiltak i dei offentlege systema, trur vi at norske politiske og administrative system ut frå vedtekne høge målsetjingar når det gjeld miljø og klima og vitskapleg og erfaringsmessig kunnskap som grunnlag for handling vil vere framtidsretta nok til å seie ja til eit slikt langsiktig spennande forskingsprosjekt**
- **I dette ligg også at desse skatteinntektene ut frå natur- og miljøomsyn kan falle heilt bort.** Vi forutset at det offentlege i samarbeid med forskarar frå dag 1 bidreg med betydeleg auke i minstevassføringa utover utbyggerane sitt forslag. Og at det systematisk blir forska på effekten av ulike vassføringar over tid. Den vitskaplege konklusjonen kan godt bli at dei foreslegne minstevassføringane permanent skal aukast tilsvarande totale offentlege skatteinntekter. Storsamfunnet får likevel tilført store mengder rein energi til å avhjelpe klimaproblema. Dei lokale utbyggerane får inntekter som bidreg til vidareutvikling av lokalsamfunnet – og alle andre brukarar av vassdraget vil ha gleda av høgare og meir dynamiske vassføringar enn om det offentlege tviheld på naturfiendtlige skatteordningar.
- **Utviklinga siste åra går klart mot dei høgaste prognosane til klimaforskarane: 20-30 prosent meir nedbør i 2050, og 40-50 prosent auke i 2100. Slik at storsamfunnet truleg om 30 år både vil kunne "hauste" meir rein energi og skatteinntekter utan at det går ut over "bærekrafta" til lokalsamfunnet .**
- **Hovudmålet for det nasjonale pilotprosjektet skal vere å utvikle alternative modellar for styring og forvaltning av kraftutbyggingsvassdrag ; Frå dagens einsidige stive teknokratisk-**

økonomiske «spotpris»-system til eit dynamisk klimatisk-biologisk system; Fleksibelt og robust nok til å takle dei klima- og naturendringane som vi alle har følt, høyrte og sett dei siste åra og ikkje lenger kan unngå å tru på eller løyse på strutsen sin måte. Nedanfor eksemplifisert med sitat frå nokre ferske utgreiingar og hendingar:

«Nedbørsflommer ...Temaet har **varierende fokus i kommunane. Tiltak som vert utførte er gjerne basert på erfaringar frå tidlegare skadesituasjonar...NVE** har for dei største tettstadane/vassdraga utarbeidd flaumsonekart. **Desse byggjer på innhenta historiske data og tek ikkje omsyn til verknadane endra klima kan få på flaumhøgder** og havnivå. Ein del stader kan følgjeleg verte meir utsette for flaum enn det ein kan lese ut av flaumsonekarta»¹

«Villfisk – klimamessige utfordringar:

- Korleis ta vare på vill-laks og aure i eit klimaperspektiv.
- Bidra til auka kunnskap om endringar i ulike artar sine vandrings- og gytemønster»²

«Nedbørøkningen i Nordhordland og Sogn og Fjordane...Den mest alvorlige framskrivningen anslår en økning på 24,8 prosent innen 2050 og 45,4 prosent fram mot år 2100, målt mot gjennomsnittet for normalperioden 1961 til 1990»³

«Det er behov for å ta bedre vare på opprinnelige vandringsystemer for innlandsfisk. Vanndirektivet har spesielt sterke føringer på dette...**Utenom inngrep knyttet til vasskraftproduksjon er det i dag få muligheter til å finansiere gjenopprettingstiltak i rene innlandsvassdrag**...Forvaltningen av innlandsfisk skal være kunnskapsbasert...**Forskning på innlandsfisk blir for tiden ikke prioritert i Norges Forskningsråd (NFR) sine programmer»⁴**

«Enorme skader på kraftverk

Øydelagde høgspenlinjer, skader på maskineri og ein driftsbygning full av stein er noko av skadane på Steindøla kraftverk etter uvêret i Stryn natt til måndag. Det to år gamle kraftverket har fått skader for millionar av kroner.Det var natt til måndag at Blakset i Stryn vart råka av den største nedbørsmengda nokon gong»⁵

«- 52,6 millimeter nedbør på ein time? Eg måtte dobbel- og trippelrekne før eg i det heile teke trudde på det, seier klimaforskar Hans Olav Hygen. Han er mildt sagt overraska over nedbørsmålingane som vart gjort på Kroken målestasjon i Stryn natt til 25. juli».⁶

¹ Fylkesdelplan for klima og miljø. Analyse- og utfordringsdokument (2008):

[http://www.sfj.no/cmssff/cmsmm.nsf/lupgraphics/Analyseogutfordrdok%20gasta.pdf/\\$file/Analyseogutfordrdok%20gasta.pdf](http://www.sfj.no/cmssff/cmsmm.nsf/lupgraphics/Analyseogutfordrdok%20gasta.pdf/$file/Analyseogutfordrdok%20gasta.pdf)

² Fylkesdelplan for klima og miljø. Mål, strategiar og tiltak (2009):

[http://sfj.no/klima/mm.nsf/lupgraphics/Fylkesdelplanklimamiljo.pdf/\\$file/Fylkesdelplanklimamiljo.pdf](http://sfj.no/klima/mm.nsf/lupgraphics/Fylkesdelplanklimamiljo.pdf/$file/Fylkesdelplanklimamiljo.pdf)

³ Klima i Norge 2100 (2009) - Meteorologisk institutt, Bjerknessenteret, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Havforskningsinstituttet og Nansensenteret for miljø og fjernmåling har levert rapporten på oppdrag fra NOU-Klimatilpassing: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/kampanjer/klimatilpasning-norge-2/bibliotek/forskning/nedborokning-i-sogn-og-nordhordland-mot-.html?id=577747>

⁴ DN-rapport 6-2010. Innlandsfiskeforvaltning 2010-2015:

<http://www.dirnat.no/content/500040962/Innlandsfiskeforvaltning-2010-2015>

⁵ Yr.no/NRK Sogn og Fjordane 27.07.2011: <http://www.yr.no/nyheter/1.7728775>

⁶ Yr.no/NRK Sogn og Fjordane 10.08.2011: <http://m.yr.no/nyheter/1.7744627>

Breim Bygdeutviklingslag (BB) vart skipa i samband med søknad i 2004 om deltaking i fylkesmannen sitt bygdeutviklingsprogram. Vi var med der i 2005-2008 med «Naturbasert reiseliv for alle» som hovudmål i prosjektperioden. Som dei fleste som har vore med i bygdeutviklingsprogrammet har vi i mindre målestokk halde fram med å arbeide med fullføring av prosjektmåla våre etterpå, ut frå at 3 år også for oss har vist seg å vere for kort tid til å få gjennomført planar og bruke tildelte pengar på beste måte. Vi fekk også tilført frisk kapital og inspirasjon gjennom tildelinga av fylket sin bygdeutviklingspris for 2009. Korvidt vi som andre bygdeutviklingslag søker om ny 3-årsperiode i fylkesprogrammet, endrar oss eller oppløyer oss, er enno ikkje avklara. I desse åra har vi også laga nokre uttaler om lokale kraftutbyggingsprosjekt⁷ og arrangerte i januar 2010 temadag om *Klima i endring*.⁸ Eitt av prosjektresultata var at Breim vilt- og fiskelag kom med som pilot i det nasjonale innlandsfiskeprosjektet frå 2008-2012⁹, slik at bygdeutviklingslaget har fått oppdatert kunnskap også om denne bruken av vatn og vassdrag.

Vi innleia med nokre sitat som viser usikkerheit og kunnskapstrong når det gjeld framtidig klima, vassdrags- og fiskeforvaltning. Og ein allmenn-menneskeleg tendens til å møte den type utfordringar med å «stikke hovudet i sanden», late som om dei ikkje eksisterer, eller går ut frå at fortidas velprøvde tiltak er tilstrekkelege i møte med klimautfordringane mot år 2100.

Forskingsleiar Carlo Aall peika også i eit føredrag nyleg¹⁰ på «institusjonell sårbarheit», manglande kommunal og statleg avklaring når det gjeld koordinering og kven som har fagleg og økonomisk ansvar for kva når det gjeld sektorovergripande klima- og miljøspørsmål.

BB meiner mykje av debatten og usemja rundt utbyggingsplanane til Breim Kraft skuldast mangel på slike alternative modellar/system , eller det forskarar og vitskapsteoretikarar kallar alternative «paradigme» eller «diskursar».

Eit typisk døme er den store usemja rundt minstevassføring i utløpsosen ved Breimsvatnet. Det er forståeleg at einkvar fiske- og naturinteressert reagerer på at eit sterkt skiftande pulserande vassdrag brått skal standardiserast til 1 m³/sek vassføring i 7 «vintermånader» (1.10-1.5) og deretter 6m³/sek i 5 «sommarmånader» (mai-sept).

Den store fellesynsket er reetablering av Breimselva som storaureelev. I eit klimatisk-biologisk system blir vassføringa tilpassa fisken sitt behov. Vi kan ta som døme hovudkonklusjonane i ein forskingsrapport¹¹ om reetablering av laks i Aura (før første kraftutbygging ein del større enn Breimselva, om lag som utløpselva Storelva frå Breimsvatnet til sjøen):

«Som støtte til dette arbeidet har vi gått gjennom alle tilgjengelige opplysninger om laksen og laksefisket i Aura gjennom tidene...Uten avbøtende tiltak bør vannføringen i laksens oppvandrings-periode (siste halvdel av juli og hele august) være 25-35 m³/s, målt på NVEs

⁷ Utlagt på www.breim.net Uttalen om Førs (2007) spesielt fokus på tilrettelegging for alle. Uttalene om Sandalsfossen og Strupen (2009) spesielt på klima- og nedbørsendringar, attgroing og reiseliv.

⁸ Innleiegane utlagt på www.breim.net For fakta: Sjå spesielt pdf-ane til klimaforskar Atle Nesje: http://breim.net/bygdeutvikling/filer/temadag2010/Breim_Klima_100109_Atle_Nesje.pdf

⁹ Nasjonalt, sjå: <http://www.fisketurismeinnland.no/> Organisering i Sogn og Fj; sjå: <http://reiselivsnytt-utmark.sfskog.no/visartikkel.asp?art=287>

¹⁰ 17.09.2011 <http://www.vestforsk.no/filearchive/pp-ke-klimatilpasning-ks-oslo.pdf>

¹¹ Norsk Institutt for vannforskning (NINA): NINA Rapport 275 (2007) Krav til vannføring for å reetablere en laksebestand i Aura:

http://www.statkraft.no/Images/NINA%20%20Rapport%20275%20Laksen%20tilbake%20til%20Aura_tcm3-8145_tcm10-4081.pdf

vannmerke i Litle-vatnet. I perioden når smolten vandrer ned til sjøen (de tre siste ukene av mai) bør vannføring-en være minst 15 m³/s. Resten av året bør det uten avbøtende tiltak være en minstevannføring på ca. 2 m³/s.

Til slutt kommer vi med forslag til fysiske tiltak i de områdene av elva der vi mener laksen har størst problemer. Dette omfatter følgende mulige tiltak: fisketrapper nedenfor Litlevatnet, djupål i elva ovenfor Litlevatnet, samling av elveløpet i munningen av Aura og utsetting av laksyngel for å bygge opp bestanden i Aura. De ulike tiltakene må ses i sammenheng. De foreslåtte tiltakene påvirker ikke smoltutvandringen, og vannføringen i utvandringsperioden for laksesmolt bør derfor være minst 15 m³/s også hvis de fysiske tiltakene gjennomføres. Ut fra faglig skjønn har vi vurdert at vannføringen minst må være 15-20 m³/s i oppvandringsperioden for at laksen skal kunne passere disse partiene, gitt at de foreslåtte tiltakene blir realisert. Vi har også vurdert at minstevannføringen bør være minst ca. 1 m³/s resten av året»

Som modell vil vi peike på at ein her baserer skjønnet på ein kombinasjon av vitskaplege undersøkingar og lokal erfaringskunnskap. Ein ser dei ulike tiltaka i samanheng, og vurderer kva avbøtande tiltak som kan gjerast, og kva vassføring som krevst med og utan tiltak, med stor vassføring i dei avgjerande tidsperiodane i laksen sin biologiske syklus i nett dette vassdraget. Og at det er biologisk forsvarleg med låg minstevassføring i andre deler av året.

Ut frå denne og liknande forskingsrapportar som er lett tilgjengelege på internett, er ein del av kritikken mot Breim Kraft sine forslag til minstevassføring ikkje biologisk fundert. Men vi må vel og rekne med at forskarar i slike situasjonar kjenner seg pressa til å kome med det absolutte minimum for i det heile å få "ja" til reetablering, jfr. bruken av "minst" i forskartilrådingane ovanfor...

Vi registrerer i alle fall med glede at Breim Kraft opnar opp for denne type høg vassføring (20-25m³/sek) ein dag i veka i sommarmånadene. Men vi meiner at **denne type høg vassføring i Breimselva skal skje ut frå fisken og fiskarane sine behov, og at padlarar som nye og mindre brukarar av vassdraget får tilpasse seg dette.**

Vassføringa er også eit økonomisk spørsmål der skattereglar, skattenivå og utrekningsmåtar heller ikkje synest biologisk funderte, jfr nyleg oppslag i lokalavisa frå Byrkjelo Kraft som er litt mindre (61 mot 98GWH) enn Breim Kraft, men elles kan samanliknast:

«– All skatt over hundre prosent er slaveri

Av Jan Nik. Hansen, 09.09.11 <http://www.firdatidend.no/nyhet.cfm?nyhetid=7157>

Andre nyhende: Det offentlege skatteregimet er slavedrivaren, Byrkjelo Kraft slaven. Det er konklusjonen til statssekretær i Finansdepartementet Morten Søberg.

I eit møte med eigarane slår han nemleg fast at all skatt over hundre prosent er slaveri. Byrkjelo Kraft blir i så fall svært hardt prøvde. I fjor betalte dei 148 prosent skatt.

Styreleiar i Byrkjelo Kraft, Atle Støyva, kunne nemleg opplyse at dei hadde 13,1 mill. kroner i inntekter i fjor. Driftsoverskotet var 2,9 mill. kroner. Samtidig betalte kraftverket 4,3 mill. kroner i skatt.

– Dersom regelverket ikkje vert endra, kjem vi til å stengje ned to av maskinane frå 2013 for å kome under grensa på 5,5 megawatt, seier han. Det betyr redusert produksjon av rein, fornybar energi og tapte inntekter både for eigarane og det offentlege.



Driftsansvarleg for kraftstasjonen Ole Øystein Kleppe orienterer Sp-delegasjonen.

Årsaka til at Byrkjelo Kraft, og fleire andre er hamna i eit slikt uføre, er at grunnrenteskatten vert rekna ut frå spottprisen på el-krafta, ikkje med bakgrunn i den prisen produsenten får for krafta på marknaden.»

Avisa Firda har 30.8 gjennomgang av reknskapa for dei ulike småkraftverka i Gloppen for 2009 og 2010. Byrkjelo Kraft er der oppgitt med ca 15 millionar i bruttoinntekt i gjennomsnitt for desse to åra. Enkel hovudrekning tilseier då bruttoinntekt for Breim Kraft på ca 25 millionar. Når skatt til det offentlege er (foreløpig som anslag frå utbyggarane) berekna til 12-13 millionar, synest det urettvist å skulde grunneigarane for å vere grådige. Vi reknar med at dersom staten reduserte sitt utbyttekrav og kravde tilsvarende auka vassføring i dei viktigaste månadene for fisk og fiskarar, ville det løyse mykje av innvendingane mot den foreslåtte minstevassføringa. Og forstår ikkje kvifor dei natur-og fiskeinteresserte «fredar» staten mot å bidra til reetablering av storaurebestandar som vitterleg er eit nasjonalt ansvar!?

Dersom vi forstår DN-rapporten (6-2010) om innlandsfiskeforvaltning rett, skuldast dette at fiskeinteressene i 1990 tapte mot dei statlege kroneteljarane:

«Kraftverksdriften ble etter innføring av energiloven i 1990, endret mange steder ved at driften tilpasses for eksempel døgnvariasjoner i prisnivået (såkalt effektkjøring). Virkningene av dette på fisk og utøvelse av fiske er lite dokumentert, men det vil ventelig være behov for et nytt og mer presist manøvreringsreglement for å redusere skadene av slik regulering. I enkelte reguleringsmagasiner ble det i konsesjonene gitt vilkår om tiltak for å lette eller muliggjøre tidligere tiders tømmerfløting og/eller båttrafikk. Etter hvert som tømmerfløting og til dels båttrafikken har opphørt, har også disse vassdragene i økende grad blitt regulert til kraftformål. Også i slike tilfeller vil det ventelig være behov for et nytt og mer presist manøvreringsreglement» (s.23-24).

Dersom det faktisk er slik at staten bereknar skatten automatisk ut frå spotpris, vil truleg fiskeinteressert utbyggar som køyrer kraftverket og vassføring ut frå fisken og fiskarane sine behov gå konkurs! ?

Vårt forslag gjer det mogleg å forske fritt på desse problemstillingane, Breimselva med etablerte storaurebestand og Breimselva med ynskt reetablering av storaure bør vere stor og interessant nok. Vi vil i tillegg peike på at vårt lokale store kraftselskap SFE er sertifisert miljøfyrtårn. Og at det må vere mogeleg i samarbeid mellom t.d. SFE og NTNU å etablere eit større master/doktorgradsprogram for å klarlegge alle aspekta rundt biologisk køyring av kraftverk, utvikle «et nytt og mer presist manøvreringsreglement» i høve til den tradisjonelle teknokratiske-økonomiske spotprisbaserte som DN-rapporten framhevar som problem. Og som Breim Kraft i utgangspunktet i sine planer har måtta innrette seg etter.

Vi ser av dagens mediadebatt ny strid mellom kraftkommunar, stat og urbane eigarkommunar om fordelinga av kraftmilliardane (nedanfor). Det er klart at vårt forslag i denne større samanhengen berre krev småpengar

- Og at å seie nei til vårt forskingsforslag gjev støtte til hypotesen om ei **bevisst neglisjering av midlar til forskning om fisk og fiske frå offentlege og urbane kraftmilliardane si side som bakgrunn for noverande nedprioritering av midlar til fisk, fiske og fiskeforvaltning.**

Eller kva skal ein tru når DN-rapporten oppsummerer den noverande begredelege stoda slik:

«På miljøvernmyndighetenes ansvarsområde blir det årlig satt av budsjettmidler til tiltaksområdene vassdragskalking, truede arter og fremmede arter. Innlandsfisketiltak blir finansiert innenfor disse rammene. Andre aktiviteter; som tiltak for å styrke bestandene, rekruttering av fiskere, tilrettelegging for fiske og FoU på disse områdene, har ikke har vært prioriterte av miljøvernmyndighetene de seinere år.

I perioden 1964 til 2001 ble en rekke aktiviteter i fiskeforvaltningen finansiert av Fiskefondet over DN's budsjett, og det var det mulig for ulike aktører å søke om tilskudd til FoU og lokale innlandsfiskeformål. For eksempel lå bevilget beløp til lokale tiltak de siste årene på 3-3,5 mill. kroner, noe som utløste egeninnsats for en langt høyere verdi. Da fiskeravgifta for innlandsfiske falt bort, ble inntektene til Fiskefondet redusert fra 28,2 mill kroner i 2001 til 14,2 mill kroner i 2002. Differansen illustrerer nivået for behov for tilføring av tilskotts- og driftsmidler, som DN kan disponere til drift og tilskott for å prioritere opp innlandsfiskeforvaltningen» (s.37)

- Ikkje eingong kompensasjon for skarve 14 millionar etter oppheving av fiskeavgifta har fiskeforvaltninga fått!

- Medan kraftmilliardæraane samtidig tar inn 48 milliardar på (mis)bruk av innlandsvassdraga!?

«Hard kamp om kraftmilliardane

Norske kraftselskap sel straum for rundt 48 milliardar kroner i året.

Vertskommunane sit att med 6,6 eller 4,7 milliardar, alt etter kven som reknar.

19.08.2011

<http://www.nationen.no/2011/08/19/politikk/kraftkommuner/eiendomsskatt/strom/energi/6836615/>

Kampen om kraftkronene handlar både om reknestykke og politikk. I går og i dag har Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) årsmøte, eit sentralt spørsmål er maksimumstaksten for utrekning av eigedomsskatt på kraftverk.

Vasskraftkommunane sitt reknestykke seier 4,7 milliardar i kraftinntekter, og dei vil ha bort taket som avgrensar kor mykje eigedomsskatt dei kan krevje av kraftverka.

- Må sjå på heile biletet

Kraftbransjen reknar med andre tal.

—Blir eigedomsskatten auka i dagens skatteregime, vil **staten, kraftselskapa og eigarkommunane tape. Berre vertskommunane vil tene på det**, og aller mest dei vertskommunane som har høge kraftinntekter frå før, seier Oluf Ulseth, administrerende direktør i Energi Norge som organiserer 270 energibedrifter.

—Når vi skal diskutere kva vertskommunen sit att med, må vi ta med heile biletet og ikkje berre sjå på eigedomsskatten, seier Ulseth.

Energi Norge sitt reknestykke viser at vertskommunane sine inntekter har auka frå tre milliardar i 2000 til sju milliardar i fjor, konsesjonskraft og naturressursskatt medrekna.

—**I biletet over kven som sit att med pengane, ser vi i bransjen at sju at ti kroner går til det offentlege, både som skatt og utbytte.** Vi vil sikre kapital for å investere i fornybar energi, seier Ulseth»

Vi legg også med interesse merke til **den manipulerande bruken av ordet «eigarkommunar» som fråtek kraftkommunane eigedoms- og utbytterett til sine egne vassressursar...Men ikkje rekninga for skadene** som no den auka og meir intense nedbøren ser ut til å gjere i «vertskommunane» for vatnet som gjev grunnlag for milliardinntektene. Og at utbytte og dermed nøkkelen til meir biologisk og berekraftig forvaltning av vassdraga ligg hjå det offentlege. Og dermed i alle fall teoretisk under demokratisk folkeleg kontroll...

Vi har gjennom lokale media siste åra fylgt debatten om "slakt" av BKK for å finansiere kutt i eigedomsskatten i Bergen med fleire hundre millionar. Og med undring registrert at staten støttar den slags initiativ, mot tilsette og landkommunane som ynskjer bruke inntekt frå desse lokale naturressursane til lokal utvikling og ikkje auka støtte til dei som har mest frå før... jfr t.d:

Besluttet å tappe BKK <http://mobil.ba.no/nyheter/article5322211.ece>

Tapper BKK for 1500 millioner: <http://www.ba.no/nyheter/article4543982.ece>

<http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Eiendomsskatten-halvert-1920175.html>

Kva blir så igjen til å betale skadene og ulempene pga "varmare, våtare og villare" klima i "vertskommunane" som har NATURGRUNNLAGET for BKK og STATKRAFT sine MILLIARDINNTEKTER? Jfr medioppslag om at åleine oppretting av skadene på Blakset tømmer statlege naturskadeerstatningar og løyvingar til førebygging...Nokre må bygge opp att husa etter flaum – andre sit trygt og varmt og slepp hus-skatten...
DN skriv om prinsippa for bærekraftig hausting av fisk at:

«Høsting kan bare tillates når best tilgjengelig dokumentasjon tilsier at arten produserer et høstingsverdig overskudd. Det legges vekt på artens betydning for næring og rekreasjon, på effekten av fiske på bestandene og på den virkning høstingen kan ha på det biologiske mangfoldet for øvrig» (s.6)

Breim Bygdeutviklingslag meiner prinsipielt at dei same prinsippa for hausting må gjelde for hausting av vatnet fisken lever i.

Når det gjeld kriteria for måloppnåing og ynskt økologisk tilstand i eit lokalt vassdragssystem **før** vatnet kan haustast av statlege og urbane «eigarar», meiner vi oppnåing av **alle** måla for innlandsfiskeforvaltninga kan vere eit godt utgangspunkt:

«Naturens mangfold og produktivitet skal bevares

- Bevare fiskens leveområder
- Beskytte fiskebestandene mot fremmede arter, fiskesjukdommer, overbeskatning og andre påvirkninger
- Beskytte andre arter som påvirkes av fiskeforvaltningen

Bestandene skal utvikles med sikte på økt avkastning

- Restaurere leveområder og vandringsveier
- Forbedre ressursgrunnlaget ved hjelp av kultiveringstiltak for bestandene

Fritidsfiskernes muligheter for rekreasjon skal bli bedre

- Forbedre tilgangen på gode fisketilbud for alle brukergrupper
- Bevare de gode tradisjonene med involvering av brukerne i forvaltningen

Lokal verdiskaping skal økes

- Utvikle fritidsfisket for lokalbefolkning, tilreisende fiskere og fisketurisme
- Utvikle bærekraftig næringsfiske
- Øke rettighetshavernes avkastning» (s.10)

Breim Bygdeutviklingslag vil spesielt påpeike kor viktig det er med tilretteleggingstiltak for alle grupper i og ved elv og vassdrag og understreke det offentlege ansvaret for grupper som barn, ungdom, funksjonshemma og eldre.

Når det gjeld kostnader, vedlikehald og multifunksjonalitet kan vi bruke nyleg oppslag i avisa Firda (15.08.2011) som døme:

«Dyre fiskestiar er ubrukelege

Kommunen vedlikeheld ikkje millionprosjekt langs Jølstra.

Førde kommune lyste i byrjinga av juli bygging av 190 meter ny fiskesti frå kommunehuset til Langebrua på sørsida av Jølstra ut på anbod.

Samstundes er den eksisterande stien frå Hafstad vidaregåande skule nedover til Langebrua fullstendig attgrodd grunna fråverande vedlikehald.

- Det ser ikkje fint ut

På den over 200 meter lange strekninga veks ugras, busker og blomar vilt frå dyre steinmurar og over den steinhellebelagde gangvegen.

- Eg er heilt einig med dei som synest dette ikkje tar seg ut, seier ingeniør Einvald Osland i Førde kommune. Han vedgår at det har vore svært mangelfullt vedlikehald av den dyrt påkosta stien heilt frå den vart bygd for fleire år sidan.

- Eg håpar vi skal klare å vedlikehalde betre i framtida, seier Osland. Den attgrodde stien heilt i elvekanten skal etter planen knytast saman med ein ny sti frå dagens kommunehus som skal komme den noverande i møte like under Langebrua.

Også langs fiskestien på nordsida av elva, frå den gamle postgarden til Storehagen, som stod ferdig så seint som i 2009, kan ein alt sjå synlege teikn til attgroing. Stien på nordsida vart bygt samstundes med gangbrua frå Sparebanken Sogn og Fjordane til Festplassen i eit prosjekt som var totalbudsjettet til kring 6,5 millionar kroner.

Meiner stien har ein naudsynt funksjon

Mangeårig bystyremedlem og ordførarkandidat for SV, Norvall Nøringset, meiner det er viktig å få fram at stiane ikkje berre er meint for turar og rekreasjon.

– Alle elveforbyggingsprosjekta i sentrum er finansiert delvis av kommunen, delvis av grunneigarar og delvis av NVE. Grunnen til at NVE er med og betalar er mellom anna at stiane òg fungerer som plastring og førebygging mot at elva skal vaske ut sand og grus, og i verste fall byrje å grave ut under bygningar, fortel Nøringset. Han meiner difor den nye stien som no er ute på anbod må byggjast trass i at dei eksisterande ikkje vert vedlikehaldne» <http://www.firda.no/?service=redirect&articleId=5700277>

Det går fram av nedbørsutgreiningane frå Breim Kraft at den største registrerte flaumen dei siste 40 åra var over 600 m³/sek (over 400m³/sek ved målestasjonen ved Teitabrua, som dekker ca 60 prosent av nedbørsområdet). **Verken utbyggar eller offentlege myndigheiter har så vidt vi kan sjå i det heile drøfta konsekvensane av 40-50% nedbørs- og flomauke mot år 2100, som klimaforskinga meiner er mogleg. Etter flaumen på Blakset i haust (jfr sitat og lenker innleingsvis) meiner vi det er uforsvarleg å ikkje planlegge for ein slik auke i Breimselva.** Dvs at ein må planlegge utbygging og bruk av eventuell tunnelmasse med sikte på kombinasjon av tur, fiskesti og forbygning av elva for alle brukargrupper i denne avsluttande falldelen av elva frå det planlagde inntaket på Høylo til osen ved Breimsvatnet. Det må **også setjast av tilstrekkelege midlar til vedlikehald**, jfr. døme frå Førde ovanfor.

Det er ulike syn både hjå privatpersonar og ulike faggrupper og sterke kjensler når det gjeld plassering av stad for kraftstasjon. Uansett løysing blir noko av vatnet ført heilt bort frå elveløpet i ein kortare eller lenger strekning. Førebygginga av reststrekninga må aukast tilsvarande, ut frå høgaste klimaprognose.

Atle Nesje opplyste i sitt føredrag på temadagen i Breimshallen i 2010 at **Bergen hadde ein samanhengande måleserie frå midten/slutten av 1800-talet som viste 37 prosent nedbørsauke fram til i dag. Vi har sett aukande rasaktivitet i Bergens-området siste åra, delvis med tragisk utfall.**

Vi kan vel rekne med liknande nedbørsauke i Breimvassdraget siste 150 åra. Vi må planlegge ut frå at vi no også i Breimsvassdraget er ved ei øvre grense, eit «økologisk vippepunkt» for kva vassdraget kan ta unna utan større forebyggingstiltak og forsterking av bruene, området rundt utløpsosen osv. At Breimsvassdrag også kan få liknande nedbørsmengder som på Blakset for eit par månader sidan.

Som dokumentert ovanfor er kunnskapsoppbygging, planlegging og tiltak på desse områda klare offentlege oppgåver, og det offentlege tar storparten av inntektene frå kraftproduksjonen. Vi forventar difor at det offentlege tek ansvar både planmessig og økonomisk i samarbeid med grunneigarane og andre privatpersonar og lag og organisasjonar i lokalsamfunnet.

Oppsummering:

Breim Bygdeutviklingslag er positive til kraftutbygging i Breimselva med lokalt eigarskap som Breim Kraft AS. Vi ser at enkelte uttalepartar nedvurderer verdien av kraftinntektene når det gjeld jordbruk og busetnad, røkt av kulturlandskapet og grunnlag for levande bygder. Vi viser til uttale frå ansvarleg politisk hald i kraft- og jordbrukskommunane Gloppen og Jølster til Bondebladet i 2010 (etter haustens val er Ryssdal attvald som ordførar i Gloppen, og dåverande jordbrukssjef Klakegg i Jølster er blitt ny ordførar der, så det bør ikkje vere tvil om deira truverde). Vi seier oss samde i deira vurdering av at kraftinntektene ofte er det som "vippar rett veg" i høve til målsetjingane for bygdeutvikling og levande lokalsamfunn

<http://www.bondebladet.no/naeringsutvikling/2010/03/15/slaast-om-aa-faa-ta-over.aspx>

Vi har vist at det er store nok ressursar til å få gode løysingar med ulike alternativ – **dersom** også det offentlege tek sin del av ansvaret både planmessig og økonomisk. For detaljar spesielt når det gjeld fiske viser vi til Breim vilt-og fiskelag sin uttale.

Vi har tatt hovudutgangspunkt i det offentlege sine egne målsetjingar for fiskeforvaltning (DN-rapport 6-2010) . Vi legg den ved sidan den også informerer greitt om ansvarsforhold, andre aktørar og prosjekt på området. Og fordi rapporten synest vere ukjent for dei partane som har gjeve uttale i denne utbyggingssaka. Elles har vi spesielt vist til dei nyaste fylkeskommunale og nasjonale klimautgreiingane og relevante medieoppslag.

Ut frå låg/usikker kunnskapsstatus på området og store utfordringar og uvisse knytta til framtidige klimaendringar, meiner vi beste løysinga vil vere å definere dette som eit **nasjonalt pilotprosjekt** slik at ein kan stille med meir «blanke ark», **ubundne av fortidas løysingar på framtidens utfordringar.**

I løpet av dei foreslåtte 30 åra reknar vi med å kunne utvikle løysingar og prinsipp som andre også kan bruke. Og skaffe betre grunnlag for optimal tilpasning og god balanse mellom vatn som ressurs for rein energi, vatn som ressurs for fiske både i nærings- og fritidssamanheng, og vatn som kjelde til natur- og kulturlandsskapsopplevingar både for rekreasjon og helse.

Vi vonar på tilslutning til tankane ovanfor som ei **prinsippskisse**. Detaljar og konkret utforming av 30års-prosjektet må ein sjølv sagt kome nærare og langt grundigare attende til, i samarbeid med alle partar og interessentar.

Med helsing
Breim Bygdeutviklingslag
Reiel Felde
(leiar)

Vedlegg:

DN-rapport 6-2010. Innlandsfiskeforvaltning 2010-2015: Oversikt over norsk innlandsfiskeforvaltning og naturforvaltningens strategier for 2010-2015
<http://www.dirnat.no/content/500040962/Innlandsfiskeforvaltning-2010-2015>